



Rune Magnar Sylta
Lønborglien 178
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2386 - 21/69504

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
20.10.2021

Fortsatt manglar ved søknad - gbnr 443/41 Toska

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 443/38
Tiltakshavar: Rune Magnar Sylta
Ansvarleg søkjar: Rune Magnar Sylta

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Levegg på 1,8 meter høgd og over 10 meter lengd. Tiltak er søknadspliktig etter plan og bygningslova (pbl.) §20-1.
Søknad må supplerast med byggesøknad for levegg som tiltak.
2. Søknadspliktige tiltak må nabovarslast jf. Pbl.§21-3.

Tiltak vil påverke sikt for ferdsel på veg slik det er vist på situasjonskart. Gjer merksam på at nabovarsel skal sendast til vedkommande som har vegrett for tilkomst til naust og hytter, samt nabo på gbnr. 443/20 som tiltak grensar mot. Sjå tidlegare tilsendt vedlegg om nabovarsling i brev datert 23.07.2021 frå kommunen.

3. I tilleggskontroll dokumentasjon tilsendt kommunen syner situasjonsplan at levegg er plassert heilt inn i nabogrense. Levegg av dette omfang må plasserast minimum 1 meter frå nabogrense. Sjå byggesaksforskrifta (SAK10) §4-1 bokstav f) nr.1, samt tidlegare tilsendt vedlegg «Gjerde og levegg».

Søknad må supplerast med samtykkerklæring frå nabo som syner at eigar av gbnr. 443/20 godtek at tiltak er plassert 0 m frå nabogrense. Alternativt må tiltak flyttast minimum 1 meter frå nabogrense.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan **19.11.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Magnar Sylta
Rune Magnar Sylta

Lønborglien 178
Lønborglien 178

5039 BERGEN
5039 BERGEN